

SAMARBEIDSAVTALE
FOR
SØRE SUNNMØRE IKT

KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP

§ 1 Namn og rettsleg status

Samarbeidsavtalen er fastsett i medhald av kommunelova § 19.

Samarbeidet sitt namn er «Søre Sunnmøre IKT kommunalt oppgåvefellesskap», heretter kalla «Søre Sunnmøre IKT» (forkorta SSIKT) eller «oppgåvefellesskapet».

Verksemda skal vere registrert i Einingsregisteret.

Søre Sunnmøre IKT er eit eige rettssubjekt.

§ 2 Deltakarar

Deltakarar i samarbeidet er kommunane

Hareid kommune	(Org nr 964 979 278)
Herøy kommune	(Org nr 964 978 840)
Sande kommune	(Org nr 822 534 422)
Ulstein kommune	(Org nr 964 979 456)
Volda kommune	(Org nr 939 760 946)
Ørsta kommune	(Org nr 939 461 450)

§ 3 Føremål og organisering

SSIKT skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonssikkerheit, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester. SSIKT skal vere ein viktig støttespelar til kommunane sitt strategiske utviklingsarbeid innanfor IKT.

Deltakarkommunane skal ha tilgang til tidsrette løysingar og infrastruktur som gir gode og effektive tenester basert på kommunane og innbyggjarane sine behov.

§ 4 Hovudkontor og kontorlokale i kommunane

Styret inngår og godkjenner eventuell avtale om leige av kontorlokale og kjøp av fellesstenester som til dømes arkiv, personal- og økonomitenester.

Deltakarkommunane stiller vederlagsfritt til disposisjon arbeidsplassar i rådhuset når tilsette ved SSIKT er fysisk til stades og utfører arbeid i kommunane. Nærare om dette vert avtalt mellom Søre Sunnmøre IKT og den einskilde kommunen.

§ 5 Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i Søre Sunnmøre IKT og består av ordførararane i dei deltagande kommunane med varaordførar som personlege varamedlemmer. Ordførararane og varaordførarane skal veljast for 4 år (kommunestyreperioden). Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Kommunedirektørane i deltakarkommunane har tale- og forslagsrett.

Leiar for representantskapet har ansvar for innkalling til og for gjennomføring av representantskapsmøta.

Representantskapet vel eit styre til styring av det kommunale oppgåvefellesskapet.
Dagleg leiar for oppgåvefellesskapet og styreleiar har møte- og talerett i representantskapet.

§ 5.1 Representantskapet sine oppgåver

Representantskapet har ansvar for:

- Velje leiar og nestleiar til representantskapet
- Velje styret med tilstrekkeleg kompetanse og breidde
- Velje leiar og nestleiar til styret
- Vedta oppgåvefellesskapet sitt årsbudsjett, økonomiplan og låneramme (Årsbudsjettet er ikkje bindande før deltakarkommunane har vedteke sine budsjett)
- Legge fram forslag til prinsipp og kostnadsfordeling mellom deltakande kommunar
- Å sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap og revisjon av verksemda i samsvar med kommunelova.
- Godkjenne oppgåvefellesskapet si årsmelding
- Godkjenne oppgåvefellesskapet sitt årsrekneskap
- Gje fullmakt til styret
- Godkjenne økonomireglement
- Å setje rammer for bruk av disposisjonsfond i samsvar med §9
- Vedta strategi for oppgåvefellesskapet og gjere ei evaluering av strategien kvart fjerde år

§ 5.2 Representantskapet sine møte

Representantskapet skal minimum ha eitt møte i året. Leiar har ansvar for innkalling til - og gjennomføring av representantskapsmøta. Deltakarkommunane har ei stemme kvar i representantskapet.

Representantskapsleiar kallar inn til representantskapsmøte så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når eit fleirtal av medlemmane i representantskapet eller styreleiar krev det.

Innkalling med sakliste skal vere sendt ut seinast 7 dagar før møtedato. Representantskapet kan gjera vedtak når minst 2/3 av medlemmene er til stades. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har representantskapsleiar dobbeltstemme.

§ 6 Styret

Representantskapet vel eit styre til styring av det kommunale oppgåvefellesskapet. Styret består av kommunalt tilsette i dei deltakande kommunane, eit medlem frå kvar kommune. Dei deltakande kommunane skal velje personleg vara for det aktuelle styremedlemmet.

Representantskapet vel leiar og nestleiar til styret.

Dagleg leiar for oppgåvefellesskapet har møte- og talerett i styret.

§ 6.1 Styret sine oppgåver

Styret har ansvar for:

- Å treffe avgjersler i alle saker som gjeld oppgåvefellesskapet sin vedtekne strategi, drift og organisering

- Prioritere oppgåvene til oppgåvefellesskapet og sjå til at det vert drive i samsvar med samarbeidsavtale, vedtekne budsjett og andre vedtak eller retningslinjer fastsett av styret eller representantskapet
- Å utarbeide og ta stilling til andre ev. underavtaler og styringsdokument, t.d. tenesteavtale og tenestekatalog
- Tilsetje dagleg leiar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår
- Ivareta arbeidsgjevaransvaret overfor dagleg leiar – herunder definere forventingar og gi støtte og attendemelding gjennom årlege medarbeidarsamtalar.
- Deleger fullmakt og ansvar til dagleg leiar
- Representere oppgåvefellesskapet innanfor dei rammer som er vedteke av representantskapet
- Rapportere og førebu saker til representantskapet og kome med framlegg til vedtak
- Innstille til strategi, budsjett, økonomiplan, årsmelding og årsrekneskap til representantskapet
- Godkjenne lønspolitisk plan for selskapet

§ 6.2 Styret sine møte

Styreleiar kallar inn til styremøte så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når fleirtal av styremedlemmane eller dagleg leiar krev det.

Det skal verte halde minst fire styremøte i løpet av året. Styreleiar ser til at det vert ført protokoll frå styremøta og at protokollen vert godkjent.

Innkalling med sakliste skal vere sendt ut seinast 7 dagar før møtedato. Styret kan gjera vedtak når minst 2/3 av medlemmene er til stades. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme.

§ 7 Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT skal ha ein dagleg leiar.

- Dagleg leiar har det faglege, økonomiske og administrative ansvaret for oppgåvefellesskapet og skal følgje retningslinjer og pålegg styret har fastsett.
- Dagleg leiar har signaturrett på vegner av oppgåvefellesskapet innanfor delegert mynde.
- Dagleg leiar skal legge fram innstilling til drifts- og investeringsbudsjett innan utgangen av september kvart år.
- Dagleg leiar skal rapportere til styret om budsjett og tenesteleveransar.
- Dagleg leiar utøver arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

§ 8 Innskotsplikt, kostnadsdeling og eigardel

Deltakarkommunane har plikt til å skyte inn midlar i samsvar med gjeldande budsjett og fordelingsnøklar.

Kommunane skal betale sin del av dei årlege kostnadene i 2 faste terminar.

Termin 1: 75% av dei årlege kostnadane 1. januar.

Termin 2: Resterande 25% den 1. juli.

Med ei endeleg årsavrekning innan 20. januar året etter utgiftsåret.

Fordelingsnøkkelen gjeld for tenester som deltakarkommunane er blitt samde om ligg til oppgåvefellesskapet.

For tenester eller oppdrag som ligg utanfor tenesteavtala og tenestekatalogen, må det inngåast ein særskild avtale om prioritering og kostnadsfordeling.

Kostnads- og eigardeling

- 30 % fordelt likt mellom kommunane
- 70 % fordelt etter innbyggartal basert på SSB sin statistikk pr. 01.07 året før det aktuelle driftsåret

Eigardel ved avtaleinngåing ser slik ut. Denne vert oppdatert årleg:

Kommune	Innbyggartal Per 1.7.22	Eigardel
Hareid kommune	5126	12,7%
Herøy kommune	8765	18,2%
Sande kommune	2422	8,6%
Ulstein kommune	8557	17,9%
Volda kommune	10809	21,3%
Ørsta kommune	10833	21,3%

§ 9 Budsjett, rekneskap og disposisjonsfond

Søre Sunnmøre IKT skal nytte same budsjett- og rekneskapsår samt økonomiplanperiode som kommunane. Dei gjeldande føresegner for kommunale budsjett og rekneskap gjeld også for oppgåvefellesskapet.

Søre Sunnmøre IKT sitt disposisjonsfond skal stå i forhold til oppgåvefellesskapet sine oppgåver og forpliktingar, og rammene for bruk vert fastsett av representantskapet.

§ 10 Låneopptak

Søre Sunnmøre IKT kommunalt oppgåvefellesskap kan ta opp lån.

§ 11 Rapportering

- Budsjett, årsmelding og årsrekneskap vert sendt til deltakarkommunane.
- Protokollar frå styremøte og representantskapet skal sendast til postmottak i deltakarkommunane
- Anna rapportering skjer etter krav frå representantskapet eller styret.

§ 12 Eigarmøte

Leiar av representantskapet kan invitere kommunane til eigarmøte når det er behov for å informere eigarane mellom representantskapsmøta.

§ 13 Utmelding

Kommunestyret i ein av deltakarkommunane kan seie opp medlemsskapet i oppgåvefellesskapet med eitt års skriftleg varsel til styret, gjeldande frå 1. januar det påfølgjande årsskiftet. Styret har ansvaret for å kalle inn til møte i representantskapet der saka vert lagt fram for handsaming.

Plikter og ansvar til den utmeldte kommunen:

- a. Den kommunen som trer ut av oppgåvefellesskapet får ikkje med seg noko av felles datautstyr/infrastruktur, og må avskrive restverdien på sine investeringar i verksemda, med mindre anna vert særleg avtala.
- b. Den aktuelle kommunen må betale sin del av fellesavtaler for heile avtaleperioden, og den gjeld oppgåvefellesskapet måtte ha på det tidspunkt uttreden måtte finne stad. Døme på fellesavtalar kan vere restkostnadar knytt til investeringar i maskin- og programvare eller bindande avtalar knytt til drift eller utvikling.
- c. Den utmeldte kommune må dekke alle kostnadene som følge av utmeldinga.
- d. Den utmeldte kommune må innan 1.4 i utmeldingsåret legge fram eit forslag til gjennomføringsplan. Gjennomføringsplanen skal innehalde oversikt over oppgåver og aktivitetar der dei treng bistand frå SSIKT. Gjennomføringsplanen skal godkjennast av styret.
- e. Ved utmelding skal SSIKT etter avtale levere ut relevante data, her også arkiv, til utmeldte kommune i samsvar med planen.
- f. Utmeldingskommunen må dekke framtidige pensjonskostnader etter berekning gjort av pensjonsleverandør.

§ 14 Oppløysing

Oppgåvefellesskapet kan oppløysast dersom alle deltarane er samde om det. Dette føreset eit vedtak i kommunestyret i kvar av dei deltagande kommunane.

Vert oppgåvefellesskapet vedteke oppløyst, skal representantskapet oppnemne eit avviklingsstyre til å gjennomføre dei praktiske sidene ved oppløysinga. Avviklingsstyret og styret arbeider etter *Lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999 nr. 6 §§ 33-36* så langt desse passar.

Dersom samarbeidet blir oppløyst utan at det føreligg ei verksemdsoverdraging, pliktar deltakarkommunane innanfor rammene for lov- og avtaleverk å medverke i arbeidet med å finne alternative stillingar for dei tilsette.

§ 15 Endringar

Endring i samarbeidsavtalen skal vedtakast av kommunestyret i kvar av deltakarkommunane. Det er krav om likelydande vedtak i alle kommunar. Forslag til endringar vert lagt fram av styret til representantskapet.

Mindre endringar i samarbeidsavtalen kan gjerast av eit samråystes representantskap, i samsvar med §19-4 i kommunelova.

Ved vesentlege endringar i føresettadene, slik som ved endringar i kommunestrukturen gjennom samanslåingar eller grensejusteringar, skal samarbeidsavtalen takast opp til vurdering og justering.

§ 16 Opptak av nye deltakarkommunar

Innmelding av nye medlemmer i oppgåvefellesskapet krev endring av samarbeidsavtalen som skal godkjennast av alle deltakarkommunane.

§ 17 Konfliktløysing og tvistemål

Tvistar mellom dei deltakande kommunane skal søkjast løyst gjennom minnelege forhandlingar.

Dersom partane ikkje vert samde kan sak reisast for dei ordinære domstolane med Møre og Romsdal tingrett som verneting. Valdgift kan avtalast særskilt.

§ 18 Ikraftsetjing og godkjenning

Samarbeidsavtalen gjeld frå 30.09.2023 med heimel i vedtak i:

KOMMUNE	SAKSNUMMER	DATO
Hareid	35/23	22.06.2023
Herøy	70/23	21.06.2023
Sande	38/23	20.06.2023
Ulstein	67/23	22.06.2023
Volda	45/23	22.06.2023
Ørsta	74/23	07.09.2023

Frå same tidspunkt vert «Vedtekter for Søre Sunnmøre IKT» etter kommunelova § 27 (LOV-1992-09-25-107) oppheva, jamfør § 31-2 i kommunelova (LOV-2018-06-22-83).

Signaturar

For **Hareid kommune**

Dato.....
.....

For **Herøy kommune**

Dato.....
.....

For **Sande kommune**

Dato.....
.....

For **Ulstein kommune**

Dato.....
.....

For **Ørsta kommune**

Dato.....
.....

For **Volda kommune**

Dato.....
.....